

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FA-B25, TI-&01	23/76

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
014/2023	Formannskapet	PS	21.03.2023
017/2023	Kommunestyret	PS	30.03.2023

Syns- og Audiopedagogiske tenester - SAPT Vestland - Kommunalt oppgåvefelleskap

Forslag til vedtak:

Modalen kommune vil framleis vere med i Syns- og Audiopedagogisk teneste Vestland, og vedtek å inngå ny samarbeidsavtale for kommunalt oppgåvefelleskap – SAPT Vestland

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Alle kommunane i gamle Hordaland fylke deltek i samarbeidet, saman med Vestland fylkeskommune. I tråd med føringane i ny kommunelov må det formelle grunnlaget for denne tenesta handsamast på nytt i alle kommunestyra og fylkestinget.

Etter initiativ frå Vestland fylkeskommune har styret i SAPT førebudd ei utviding, og inviterer alle kommunane i Sogn og Fjordane med i det interkommunale samarbeidet.

Vurdering

Den nye samarbeidsavtalen er i tråd med kapittel 19 i den nye kommunelova – Kommunalt oppgåvefelleskap. Den nye avtalen bør handsamast innan april 2023, og alle kommunar som ynskjer å vere med i samarbeidet må melde dette til styret i SAPT innan juni 2023.

Økonomi:

Vestland fylkeskommune dekker 10% av brutto kostnader. Dei andre medlemskommunane dekker tilsaman 90 % av brutto kostnadar

Fordeling av brutto kostnadar mellom kommunane vert basert på innbyggjartal pr 01.01 kvart år. Deltakarane i oppgåvefelleskapet vert fakturert årleg for sin del av kostnadane. Oppgåvefelleskapet har ikkje mynde til å ta opp lån.

I 2021 var brutto årskostnad for kommunane 21,74 kr pr innbyggjar, som for Modalen sin del utgjer ca 8500,- kr

Konklusjon

Rådmannen tilrår at kommunestyret vedtek å framleis vere medlem i SAPT Vestland, og inngå ny samarbeidsavtale for kommunalt oppgåvefelleskap .

Formannskapet - 014/2023

FOR - behandling:

Samrøystes vedteke

FOR - vedtak:

Modalen kommune vil framleis vere med i Syns- og Audiopedagogisk teneste Vestland, og vedtek å inngå ny samarbeidsavtale for kommunalt oppgåvefelleskap – SAPT Vestland

Kommunestyret - 017/2023

KS - behandling:

Rådmannen orienterte nærare om bakgrunn for saka og behovet for fornying av samarbeidsavtalen. Samrøystes vedteke

KS - vedtak:

Modalen kommune vil framleis vere med i Syns- og Audiopedagogisk teneste Vestland, og vedtek å inngå ny samarbeidsavtale for kommunalt oppgåvefelleskap – SAPT Vestland

Vedlegg:

Brosjyre SAPT

SAPT Vestland samarbeidsavtale

Saksgrunnlag kommunestyrebehandling samarbeidsavtale